

KULTURALLIANSEN



Invitasjon til midtvegsseminar

Kulturhuset Sentralen, Øvre Slottsgate 3
30. mai 2016 kl. 10-15

Kva rolle kan Kulturalliansen ha?

Kulturdepartementet løyvde i august 2015 midlar til eit utgreiingsarbeid for å vurdere behovet for ein samarbeidsorganisasjon for dei frivillige kulturorganisasjonane. Arbeidet starta formelt opp i november 2015, ved at det vart halde eit innleiande seminar for kulturorganisasjonane, på Riksscenen i Oslo. Her deltok over 50 deltakarar frå 33 organisasjonar.

Etter det innleiande seminaret blei det satt ned ei eiga arbeidsgruppe, som fekk ansvaret for å leie den vidare prosessen. I tillegg blei det engasjert ein eigen utgreiar, som fekk i oppdrag å kartlegge behov og moglege oppgåver for ei ny samanslutning på kulturfeltet.

Arbeidsgruppa sendte i starten av mai ut første del av utgreiinga til organisasjonane. Innhaldet i denne tok føre seg behov og moglege oppgåver for ei ny samanslutning. Utgreiinga vil vidare konkretisere ein mogleg organisasjonsmodell og ei kulturpolitisk plattform for Kulturalliansen.

Kulturorganisasjonane blir med dette invitert til eit midtvegseminar for prosessen, for å drøfte både organisering og politikk/arbeidsområde. Neste møtepunkt vil etter dette bli eit stiftingsmøte 5. september 2016.

Kvar organisasjon kan delta med inntil to personar på midtvegsseminaret 30. mai. Påmelding innan 22. mai på <http://goo.gl/forms/vJfoP11eCd>.

KULTURALLIANSEN

Program for midtvegsseminaret

30. mai 2016, Kulturhuset Sentralen, Øvre Slottsgate 3, Oslo.

09.30 Kaffi og registrering

10.00 Velkommen til seminar

Midtvegs i prosessen – kvar står vi? Eli Ulvestad orienterer om arbeidet sidan oppstartsseminaret i november.

Utgreiing: Behov og moglege oppgåver for Kulturalliansen

Bjarne Dæhli frå Burson-Marsteller er engasjert som utgreiar for prosessen med å etablere Kulturalliansen. Første delen av utgreiinga blei sendt organisasjonane 2. mai, og omhandlar behov og moglege oppgåver for den nye samanslutninga. Bjarne vil presentere denne, og det blir lagt opp til ei påfølgjande kommentarrunde. Konkrete oppgåver for Kulturalliansen vil bli nærare drøfta i sesjonen som startar kl. 13.45.

10.30 Ny dag – nye nederlag

Dårleg leiar i Motarbeider, Halvor Haukerud, ser nærare på kva som skal til for å få ting til å skjere seg i ulike fasar og situasjonar. Vi diskuterer effekten av å køyre ubevisste enkeltløp, kva roller ein bevisst og særleg ubevisst har og tar i eit fellesskap, og korleis opplevinga av rolla endrar seg med situasjonane ein er i. Haukerud har m.a. bakgrunn som organisasjonsrådgjevar og kulturprodusent.

11.30 Lunsj og småsnakk

12.30 Korleis kan vi fremje det lokale kulturarbeidet ved hjelp av Kulturalliansen?

Frøde Alexander Rismyhr er ei eldsjel i det lokale kulturlivet i Kodal og Sandefjord. I tillegg til å vere generalsekretær i Frilynt Norge, som er ein nasjonal kulturorganisasjon med hovudsete i Vestfold, er han er teaterinstruktør, revyartist og ein generell propell. Han vil halde eit foredrag om korleis han ser føre seg at ein nasjonal allianse kan fremje det lokale kulturarbeidet.

13.00 Utgreiing: Organisering

Det blir arbeidd med ein modell for korleis Kulturalliansen best kan vere organisert, for at ein skal kunne bli ei slagkraftig samanslutning for kulturorganisasjonane. Organisasjonsmodell vil bli ein del av den endelege utgreiinga, og eit drøftingsgrunnlag vil bli sendt til organisasjonane og dei påmeldte deltakarane ei veke før seminaret blir halde. Bjarne Dæhli vil presentere denne rapportdelen, og innleiar til ei drøfting kring innhaldet i denne.

13.45 Kva er det viktigaste Kulturalliansen kan gjere?

Siste del av utgreiinga vil peike ut ei retning for kva politiske område Kulturalliansen bør arbeide med. Dette vil vere eit viktig grunnlagsdokument for det planlagde stiftingsmøtet i september. Som ei førebuing av dette arbeidet, vil denne seminardelen ta føre seg følgjande spørsmål:

- Kva felles utfordringar har kulturorganisasjonane, som Kulturalliansen bør arbeide med?
- Kva er dei viktigaste arbeidsområda på kort og lang sikt?
- Kva er dei viktigaste oppgåvene å starte med?

Økta vil bli leia av Eline Melgalvis og Espen Kvarik Kvernbergh frå arbeidsgruppa.

14.30 Veggen vidare

Vi oppsummerer dagens seminar, samtidig som det blir orientert om den vidare prosessen fram mot at arbeidsgruppa sin rapport ferdigstillast før sommaren, og fram mot det planlagde stiftingsmøtet 5. september.

15.00 Takk for no!

Vi tek atterhald om justeringar i programmet.

For spørsmål, ta kontakt på kultur@kulturalliansen.no
eller med Eli Ulvestad, tlf 994 64 995.